

Innspel til rullering av kommuneplanens arealdel, Meland kommune, høyringsutkast datert 25.09.17

Innspelet gjeld tema Reiselivsrelatert næringsutvikling, og gjeld eigendomen Gnr. 40 Bnr. 7, Fureskjeggvegen 71

Historisk bakgrunn

Fureskjegget har i lang tid vore eit knutepunkt for gardane i Austebygda i Meland. I det vetle sundet (fura) ved neset (skjegget) har gardane frå Gripen til Espetveit hatt naustallmenning langt attende i tid. På 1800-talet vart det opparbeida dampskipskai og køyreveg frå Fureskjegget til Håtuft, og den nye kaia vart samlingsplass for bygda. Ny næringsverksemd vart etablert, mellom anna garveri, postkontor, kolonial, koppargruve og to røykeri. På vår eigendom vart det bygd eit garveri rundt 1890 av Mons Erikson frå Bnr. 40 Bnr. 5 på Espetveit. I 1912 skilte han ut garveriet og omlag 18 mål eigendom og selde den til Ivar Rasmusson Hvidsten. Hvidsten oppførte da nytt våningshus og løe og busette seg som garvar og småbrukar på det nye bruket. I 1932 la han ned garveriverksemda og gjorde bygget om til høusehus. Da me flytta til Fureskjegget 1. juni 2017 var det ikkje lenger fastbuande her. Fleire hus og hytter står ubrukte, og bygg og landskap er sterkt prega av forfall og manglande skjøtsel.

Kulturmiljø

Fureskjeggvegen 71 inngår i eit heilskapleg og unikt kystkulturmiljø rundt kaien på Fureskjegget. I nærområdet er 13 av omlag 17 bygningar sefrak-registrerte. 7 av dei sefrak-registrerte bygga ligg på vår eigendom. Kaimiljøet her er ein viktig del av Austebygdas historiske identitet, og med ny aktivitet her kan denne soga formidlast til nye generasjonar og såleis skapa ny tilhøyrsl.

Kulturminne

Utover miljøet rundt kaien er det to unike kulturminne på eller like ved vår eigendom. Under 1. verdskrig var det utplassert Nøytralitetsvakt på Fureskjegget som ein del av det da moderne festningsanlegget på Håøya. På vår eigendom er det synlege minne frå denne tida i form av ein vakker inskripsjon innhogga i fjell og ei tørrmura skytestilling ved sjøen. Espetveit grube er markert på eit kart frå 1867. Det engelske selskapet Norway Copper Mines overtok drifta omkring 1881, og hadde 80 mann i arbeid i gruva på Espetveit og i Grønskaret Grube på Radøy. Mange av gruvearbeidarane kom frå Cornwall i England, og må ha vore eit eksotisk innslag i bygda. I grensa til vår eigendom er det ein gruvegang på omlag 70 meter som vitnar om denne tidlege næringsetableringa i Nordhordland. Begge desse spanande kulturminna er lite kjent i regionen, og me trur dei har eit utviklingspotensiale.

Kulturlandskap og friluftsliv

Nærområdet rundt kaien er jordbruksland, og det var opprinneleg to småbruk som dreiv her. Naboeigendomen søraust for oss, 1256/40/2 er i temakart til Melands kommuneplan registrert som prioritert naturtype kulturlandskap. Vår eigendom inngår i heilskapen av dette miljø- og kulturlandskapet. Mot sør er det etablert turstiar i utmark til Skarpeneset og Espetveit, og mot nord til Gaustad. Skilting av turveg og kulturminne har vore diskutert med kulturkontoret, og som grunneigarar stiller me oss positive til dette.

Ny aktivitet på Fureskjegget

Innmark er sterkt prega av manglande drift og attgroing. Iverksetting av tiltak er planlagt vinteren 2017-18, og da vil det ligge til rette for beiting av området med gamal norsk sau våren 2018. Området vil bli drifta økologisk og såleis ivareta kriteria som gamal kulturmark, med beiting og slått. Eit slik tiltak vil fremje biologisk mangfald og opplevingsverdien av landskapet.

Kortreist mat frå sjø og land, opplevingar knytt til natur, lokal kultur og identitet og alternative overnattingsmoglegheiter er svært populære, og me trur det på Fureskjegget ligg til rette for å ta del i denne veksande marknaden. Det er også mangel på attraktive overnattingsstader i regionen, og mange tilreisande må ta til takke med overnattingstilbod i Bergen. Mykje spanande er for tida i utvikling i regionen, som prosjektet «Smaken av Nordhordland» og UNESCO-søknaden frå «Nordhordland Biosfæreområde Vestnorsk Kystlandskap»

Med denne bakgrunnen trur me det ligg godt til rette for å vidareutvikla og skapa ny aktivitet på Fureskjegget. Eigendomen ligg nært Bergen, og ligg like ved seglingsleia gjennom Alverstraumen. Området har såleis eit ganske unikt potensiale til å formidla fiskarbondens kulturlandskap både til havs og på land. Me ynskjer å gå i gang med eit forprosjekt om reiserelatert næringsutvikling. Dette vil kunne styrka driftsgrunnlaget for landbruket, og kunne skapa framtidige lokale arbeidsplassar.

Tanken er at ein her kan utvikla eit nytt regionalt overnattings- og serveringstilbod, med gjestehavn, unike overnattingstilbod i eksisterande og ny bygningsmasse, og utvikla verksemd knytt til opplevingsturisme, lokal matkultur og fiske. Kjerna i verksemda vil vera det historiske garveribygget, der det ligg til rette for å utvikla overnattings- og serveringstilbod. Eit slikt tilbod vil kunne vera til glede for tilreisande, men også for bygda og regionen som ein stad ein kan koma ilag for å markera store hendingar. Regionen er underkommunisert som destinasjon, og andre lokale næringar (til dømes i landbruket) vil også kunne ha positiv nytte om eit slikt tilbod vart etablert.

For å leggja til rette for besøkande som kjem sjøvegen kan det bli naudsynt å opparbeida ei gjestehavn med kai/småbåthamn. Dette ser me for oss kan gjerast med utgangspunkt i eksisterande kai på Fureskjegget (uavklart eigarforhald/bruksrettar), eller ved etablering av ny kai nordvest for dagens kai.

Overnattingstilbod

Det er ynskjeleg å kunne utvikle eit overnattingstilbod som kan utviklast over tid. Me ser for oss tre typar overnattingstilbod, minihotell i garveriet, utleigehytter/rorbu ved sjø og hytter i tunstruktur i kulturlandskapet. Ferdig utbygd vil dette gjera det mogeleg å leiga ut rom individuelt eller til større arrangement/grupper.

I kommuneplanens arealdel 2015-2025 er store delar av arealet i strandsona på vår eigedom sett av til naust (4 stk. i planperioden). Me ynskjer at det vert opna for fleire naust/rorbuer innanfor det alt avsette området, og at bruken utvidast slik at bygga kan tena som overnattingstilbod for tilreisande.

Plassering og detaljering av hyttetun er ikkje endeleg avklart. Me ser for oss eit mindre antall utleigehytter, moglegvis med eit sørvisbygg for felles opphald/bad/toalett. Landskapet er relativt bratt/kupert, og det er ynskjeleg at plasseringa tilpassar seg omgjevnadane og varetek verdifullt kulturlandskap og landbruksareal. Eit større areal for utleigehytter er difor markert i vedlagte illustrasjonskart, men det er ikkje vår intensjon å byggje ned heile dette arealet med utleigehytter.

Omtrentleg framlegg til plassering av naust/sjøhus, kai/brygge, gjeste-/småbåthamn og område for gjestehyttetun er vist på vedlagt kart. Bilete av dagens situasjon sett frå sjø er også vedlagt

